



Byggmester Bjørn Rune Kvinge As
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4355 - 22/58243

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.07.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 444/23 Mangersneset

Tiltak: Godkjenning av gjennomført ombygging
Byggjestad: Gbnr: 444/23
Tiltakshavar: Manger Meieri As
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi beklagar at melding kjem seint, dette pga. stor saksmengde og ferieavvikling. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatt situasjonsplan med påvist målsatt minste uteopphaldsareal skal sendast inn.
2. Det må sendast utgreiing for tal parkeringsplassar for alle bueiningar og lagerdel i samsvar med KDP Radøy pkt. 2.10, samt utgreiing vedr. minste uteopphaldsareal i samsvar med pkt.2.9 (50 m2 per bueining).
3. Det må vurderast krav om heis i bygget med bueiningar, jf. TEK 17 §12-3, evt. søkjast om fråvik/dispensasjon.
4. Det er uklart kva er total storleik på bruksareal og bygd areal på eigedommen.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 28.08.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Manger Meieri As

Mangersnesvegen 75

5936

MANGER

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge As

Kvingebakkevegen 97

5981

MASFJORDNES